

# VEDTEKTER

Rev.1

for

## **NORDTVEIT VASSVERK SA**

Organisasjonsnr.: 970548637

Gjeldene fra 01.01.2013

### **§ 1. Selskapsform og forretningsstad**

Nordtveit Vassverk SA, i disse vedtekter kalt NV, er eit samvirkeføretak organisert etter samvirkeoven av 29.06.2007.

NV har varierende medlemstall og kapital.

Medlemene har ikkje ansvar for føretaket sine plikter.

NV har kontor på Nordtveitgrend i Fusa Kommune.

### **§ 2.Føremål**

NV har til føremål å skaffa eit godt og stabilt vassforsyningstilbud til husbruk, industri og anna bruk så langt det kan skje forsvarleg innanfor Selvågen i nord og Fjellstad i sør.

NV skal driftast på ein forsvarleg måte med sunn økonomi der krava i lov og forskrifter er minstestandard. Denne verksemda skal vera basert på samvirkeprinsippet utan kommersielle føremål.

### **§ 3.HMS og IK**

NV skal følgja forskrifter for helse, miljø og sikkerhet(HMS) og Internkontroll (IK)

### **§ 4. Medlemskap**

Innanfor laget sitt distrikt kan alle – også lag – verta medlemmer og verta knytte til anlegget . Dei som ønskjer å verta medlemmer, teiknar seg på ein innmeldingsblankett utarbeid av styret.

Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilknytning til leidningsnettet.

Alle som eig eller festar eigedom innanfor det naturlege forsyningsområdet, har rett til å kopla til leidningsnettet og verta opptekne som medlemmer på dei vilkår som til ei kvar tid gjeld for laget. Ved innmeldinga må medlemene godkjenna vedtektene for laget og dei lovlege vedtak som er gjorde av medlemsmøte og styre.

Tilknytingsavgift vert fastsett av årsmøtet.

**Det skal ikkje betalast andelsinnskudd.Kun tilknytingsavgift.**

Søkjjar vert skriven inn i medlemsregisteret når tilknytingsavgifta er betalt.

Årleg vassavgift skal betalast etter tariff vedteken av årsmøtet. Styret fastset avgifta i kvart einskilt tilfelle på grunnlag av tariffen.

### **§ 5.Kostnad frå hovudrøyr**

Medlemene tek sjølv kostnaden med grøfter og leidning frå eksisterande anlegg fram til hus/hytte og har sjølv ansvaret for denne.

### **§ 6.Leidningsnett**

Medlemene pliktar å varsla styret når det skal leggjast leidningar utanom bustadhus eller fjøs. Arbeidet med dette kan ikkje ta til før det er godkjent av styret.

Medlemene pliktar å gjeva fri grunn over eigedomane sine for hovud- og stikkledningar, når desse vert lagde på den mest omsynsfulle måten. Grøfta skal vassverket lukka forsvarleg, og på dyrka mark skal ho gjødslast og såast til med frø. Drenggrøfter som vert avskorne, skal koplast saman att på forsvarleg måte.

Beviseleg skade vert erstatta.

NV eig leidningsnettet fram til og med stoppekranen på anlegg kosta av vassverket. Vassverket sine folk skal utan hinder ha høve til å stengja av vatnet om dette vert nødvendig.

### **§ 7. Utestenging**

Medlemer som ikkje rettar seg etter vedtektene eller dei lovlege vedtak som er gjorde i medlemsmøte eller styre, eller som ikkje betalar årleg vassavgift i rett tid, kan få vatnet avstengt til tilhøva er retta på, dersom ikkje tilhøva skriv seg frå vanskar som medlemene ikkje er skuld i.

### **§ 8.Opphøyr av medlemsskap**

Går eit medlem ut av vassverket, må alt mellomvære mellom vassverket og medlemen gjerast opp. Til oppgjeret er ordna, står medlemskapet rettsleg ved lag.

I serlege høve kan årsmøtet gjera unntak frå denne paragrafen.

**Tilknytningsavgift blir ikkje tilbakebetalt.**

## **§ 9. Styre**

NV har eit styre på 5 medlemmer og 3 varamenn, valde av årsmøtet. Formannen vert vald ved serskilt val mellom dei valde styremedlemene. **NV skal ikkje ha dagleg leiar.**

Styremedlemene vert valde for 2 år. Første året går 2 ut av styret ved lutdraging. Medlemer kan nekta attval i 2 år. Styret vel sjølv varaformann. Varamennene vert valde kvart år.

Formannen kallar styret saman til møte når han finn det nødvendig eller når minst 3 av styremedlemene krev det for ei bestemt sak.

Til gyldig vedtak krevst det at minst 3 styremedlemer røystar for.

## **§ 10. Styre sine gjøremål**

Styret skal driva NV, tilsetja og avsetja tenestemenn, fastsetja løn, vilkår og instruks for desse.

Dessutan skal styret ha til oppgåve:

- 1) Å gjeva reglar for bruk av vatn frå vassverket.
- 2) Å fastsetja vassavgift og gjeva reglar for innkrevjing av denne.
- 3) Å gjeva drifts- og forretningsreglar.
- 4) Å syta for at det vert lagt opp eit ordentleg rekneskap.
- 5) Å syta for at HMS og IK vert følgt.

## **§ 11. Signatur - Prokura**

NV er rettsleg forplikta ved underskrift av formannen og eit medlem av styret.

Styret kan melda prokura.

## **§ 12. Medlemsmøte**

Styret kallar saman møtet når det finn det nødvendig eller når minst 1/10 av medlemene krev det for ei bestemt sak. Møta vert styrde av ein møtestyrar.

I vanlege saker har kvart styremedlem ei røyst. Om ikkje anna er fastsett, vert alle vedtak gjorde med simpelt fleirtal. Ved like røystetal, har formannen dobbelrøyst. Står røystetalet likt ved val, vert dette avgjort ved lutdraging.

Det skal førast møtebok.

### **§ 13. Årsmøte**

Årsmøte er den høgaste styremakta i NV og skal haldast kvart år innan utgangen av april månad og skal innkallast med 14 dagers varsel. Styret kan kalla saman til ekstraordinert årsmøte når det finn det nødvendig eller når minst 1/10 av medlemmene krev det for ei bestemt sak. I vanlige saker har kvar medlem ei røyst. Om ikkje anna er fastsett, vert alle vedtak gjorde med simpelt fleirtal. Ved like røystetal, har formannen dobbelrøyst. På årsmøtet handsamar ein og gjer vedtak om:

#### A. På årsmøtet:

- 1) Godkjenning av innkalling
- 2) Val av møteleiar
- 3) Val av referent
- 4) Val av 2 medlemmer til å skriva under møteprotokollen.
- 5) Årsmelding frå styret.
- 6) Rekneskap.
- 7) Bruk av overskot, jfr. § 14.
- 8) Val av styremedlemer med varamenn, jfr. § 9.
- 9) Val av formann i styret
- 10) Val av revisor.
- 11) Val av valnemnd
- 12) Godkjenning av styrehonorar
- 13) Fastsetjing av tilknytingsavgift
- 14) Innkomne framlegg. For at desse skal kunna handsamast, må dei vera sende til styret ein månad før årsmøtet.
- 15) Eventuelle andre saker som er førte opp på saklista.

B. På vanlege medlemsmøte utanom årsmøtet vert berre dei saker handsama som er nemnde i innkallinga.

### **§ 14. Bruk av overskot**

Overskotet på drifta etter at renter og avdrag på skuld og tilsyns- og vedlikehaldsutgifter er betalte, skal setjast inn på bankkonto til vedlikehaldsfond.

### **§ 15. Tvistar**

Tvistar mellom NV og medlemmer skal med bindande verknad for begge partar avgjerast av ein voldgiftsrett på 3 medlemmer. Kvar av partane nemner opp eitt medlem med lensmannen i Fusa som oppmann. Dersom ein av partane ikkje har nemnt opp sin representant innan 3 veker etter at varsel er motteke, nemner lensmannen også opp denne. Voldgiftsretten avgjer samstundes korleis utgiftene ved voldgiftsretten skal delast på partane.

### **§ 16. Vedtektsendring**

Framlegg til endring i vedtektene kan berre handsamast på årsmøtet. Til vedtektendring krevst 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

### **§ 17. Oppløysing**

Framlegg om å løysa opp NV må vera sendt styret seinast 1. desember året før årsmøtet, og gjerast kjent for medlemene minst 1 måned før møtet.

For å gjera lovleg vedtak om oppløysing, krevst at minst halvdelen av medlemene er til stades og at 2/3 av desse røystar for oppløysing.

Møter ikkje mange nok, vert framlegget avgjort på nytt medlemsmøte og då med simpelt fleirtal av dei som møter.

### **§ 18. Avviklingsstyre**

Vert det vedteke å løysa opp NV, skal det veljast eit avviklingsstyre på 3 medlemmer med 2 varamenn. Styret vel sjølv formann og varaformann.

Dette styret skal avvikla vassverket, selja eigneluter, krevja inn det ein har til gode og betala gjeld.

Når gjelda er betalt **skal eventuelle gjennståande midler gå til samvirkeføremål eller allmennyttigeformål innen NV sitt område.**